

**Fra:** Eikenes Signe (signe.eikenes@vegvesen.no)

**Sendt:** 07.09.2018 09:04:59

**Til:** HANS OLAV EVENSEN

**Kopi:** Hordaland Fylkeskommune - Postmottak; frp@frp.no

**Emne:** 15/211055-248 - Innspill til plan

**Vedlegg:**

Hei Hans Olav Evensen!

Du har eit stort engasjement for E16, og det forstår vi godt! Det har vore mange hendingar på strekninga mellom Bergen og Voss, både ras og trafikkulukker. Kollega Gunnar Søderholm er prosjektleiar og reguleringsplanarbeidet der har god framdrift. Dessverre er det slik at formelle planprosessar tek tid, så det er nokre år fram til dei får starte sjølve byggearbeidet. Men, det manglar ikkje på planleggingsmidlar eller folk i prosjektet.

Difor vil det ikkje hjelpe E16 om vi stoppar å planlegge ny E39 frå Stord til Os (Hordfast).

Midlane du refererer til får eg ikkje heilt til å stemme, men det er i og for seg ikkje så viktig. Fellesprosjektet E16 får dei midlane dei treng til reguleringsplanlegging. Etter at det er ferdig må dei få prosjektbevilgning (må opp i Stortinget). Hordfast er ferdig med kommuneplan, steget før reguleringsplan. Vi har eit lenger «planleggingsløp» enn E16 og treng meir planmidlar. På lik linje med E16 må også Hordfast opp i Stortinget for å få prosjektbevilgning (midlar til bygging).

Det er brukt mykje midlar på planlegging av sjølve brua over Bjørnafjorden. Vi treng kunnskap om korleis bølger, vind og straum vil verke inn på ei bru. Vi har gjort undersøkingar av havbotn, og vi har gjort modellforsøk på SINTEF i Trondheim.

I tillegg til å skaffe konkret kunnskap til Hordfast, er det gjort mykje «forskningsarbeid» i Bjørnafjorden som kjem til nytte andre stader. Dette arbeidet burde eigentleg ikkje blitt belasta Hordfast, men det var ein «praktisk» måte å gjere det på.

Det er flott at du engasjerer deg for «din» veg! Statens vegvesen skal gjere sitt til at både E16 og E39 får den standarden dei bør ha. Begge er viktige vegar i lokal, regional og nasjonal samanheng.

Med helsing  
Signe Eikenes

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Hans Olav Evensen [<mailto:hoevens@online.no>]

Sendt: 30. august 2018 20:07

Til: Firmapost-Vest <firmapost-vest@vegvesen.no>; hfk@hfk.no

Kopi: frp@frp.no

Emne: E16 v.s Bjørnafjorden/hordfast

FrP: vær snill å formidle mine tanker til den nye samferdselsminister

Til vegvesenet og Hordaland fylkeskommune.

Jeg Sitter og leser på fb følgende, sitat: Nytt ras på E16. Ny dag med kaos i Åsane nord. Er det rett av Statens Vegvesen å nedprioritera planlegging av desse strekningane (6,5 MNOK til Åsane nord, 94 MNOK til E16 og jernbane), men løyver meir enn 1.000 MNOK til planlegging av bru over Bjørnafjorden? I tillegg til dei 400 MNOK som er svidd av allereie? Sitat slutt.

Jeg er nødt til å gi beskjed som trafikant.

Jeg ber ydmykt av respekt for de veifarende og for meg langs E16. Slutt å planlegg Bjørnafjorden/hordfast... det er utenfor min fatteevne at det ikke nå settes i gang med tryggere veg Bergen Voss, E16. Ta hordfast seinere.. løs E16 Bergen Voss først og andre utfordringer, som står i kø.....

Så er det fint om fylke og vegvesen deler med meg sine egne tanker om det jeg har skrevet.

Takk.  
Mvh hans Olav evensen

Sendt fra min iPad